Førsteblad

2 ark

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Sogn & Fj. fylke

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jølster

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Stardalen og Sörsida f. vatn

Oppskr. av: Svene Myklebust

Gard: Veiteberg

(adresse): Veiteberg

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
A. K. Veiteberg, Kårmann 75 år
A. L. Åsen Myklebust 80.

SVAR

1 Juletre er vanlegno, dei siste 30 år.
2. Det ser ut til ha vore i presten Greve si tid 1872-83 skikken vart utbreidd, frå prestegarden. „4-5 år gamal var eg då grannane vart bedde i prestegarden til juletrefest (ca 1876)," fortel Olai Oldhus. „Vi kom inn frå kjökenet og inni stova og såg juletreet. Det var som å kome inn i det aller heilagste. Eg var lite for meg, men prestedötrene Inga Greve og Tora, tok meg i mellom seg — —
3. Lærar Sjur Sandal fekk til juletrefest på Myklebust-Haugen i stova der 1878. Der var masse folk og stort juletre av eine. „Det var som vi ikkje var på jordene," fortel 80åringen A. L. Åsen. — 2 år etter bygde ein skulehus i krinsen, og hadde festar der.

Anders Huus budde no på Øvre-Åsen. Dei var dei fyrste hadde tre i heimen. Dei hausta det julaftan, og bytte gåvene med kvarandre. Men Katrina, (mor til A. L. Åsen) fekk julepynt hos fru Greve: valnöter, furekonglor med bronse, korger og kuler.

4386

Det var stas med jûletrestas frå prestegarden.
Lys hadde ein som var laga i form.
På Uleråsen ei form av jarnblekk for 3 lys.
I Stardalen hadde lærar Bune fest
i stova på Haugen, der han budde, 1889
Eldste borna var med å pynta. Forutan
gonge om juletre, var der mat.
Foreiningsfestane kom seinare. I Helg-
heimskyrkja har ein 20-30 år no nytta
2 små tre med brennande lys jûledag.

4. For brûker dei krans av eine på veggene
med papir roser, ell. gröne einekrossar
Einekransen over döra eller
högsætet, grönt rundt klokke eller
bilete. Av halm kjenner ein „verdens
uro" ell. „verdens tummel," som sume
laga og hengde oppi taket.

5. Pynting av stova med grönt har jamt
minka, men vert stödt nytta til jûle-
trefestar i samlingshuset, og andre festar
6. Jûletreet 2-3 m. högt, etter som stova er.
7. Pynta med papirkorger og lekkjer dei
laga av vanleg papir, og måla so
ymse deler. Litt kjeks fekk ein kjöpe
og hadde sume frå år til år. Eple hengde
dei oppi, og fyrst appelsiner kom, au.
(kring 1910 heime). Lys dryppa mor
og vi borna. Grannekona stöypte dei
au. Surra dei til treet med tråd.
-Ein sparde på lysa, jûlaftan, til seinare
8. Heime var det alltid vi borna som
pynta treet, vanleg her no au (A)
9. Stod alltid fritt på golvet. No har

4386

9. Sume med like husrom tre som står på eit bord. Billegare au

10. Julaftan, annandag for ungdomen og gramar, kanskje nyårsaftan (dag) trettandedag (og tjugandedag, om det stod so lenge) – No står det gjerne te 20. dag (13 jan.)

11. Då går ein rundt og syng: Eg synger julekvad, Her kjem me dine arme små, No koma Guds englar, Fagr er den himmel blå, Glade jul. Deilig er jorden, o.a.

Epler og pærer, O jul m. din glede
No fedrelandssongar og kronprinssongen
Vi synger om vår prins v.s.v.

12. Treet kunde stå til 13. el. 20. dag, „men Kyndesmess-Knut jaga jula ut."

13. „Kasta treet ut 20. dag!" Då bruka dei dele det som var att av etande i treet – Svær stas før – 1910–20 år. Haushe ell. plokke ned or treet.

14. Nytta eine, ell. fure og då granplantingane kom til: gran, som no er vanleg. Dei som budde i furesloeg ell. fekk kjøpe tre, nytta fure.

15. Laga tre av ein orestaur ein hogg i marka, bora hol til greiner som på vanleg tre; sette inn eine-kvister. Dette vart fint. Andre sette gran=kvister i stauren, eller au furekvister, som andre hadde løyvt på sitt tre. Ein spikra 3 einer kring ein staur og sette ein (1) einetopp på øvst. Eg tok to einar og sette saman til eitt tre, eingong. Elles er det

4386

vanleg å setje inn nokre kvisker
der det er grise. Ikkje serskild namn.
16. Kjenner ikkje til tre utanfor
glaset; dei hadde tids skaffe
seg eitt i stova
17. Ingen hugsar no at ein la
halm på golvet, heller ikkje om
julaftan. Men ein skifte halm
i sengene heime, og bar den i vondlar
Bestemor på Øygard d. 1868
fortalde at ho hugsa at dei ikkje
vaska golvet, men moka det
so det viste fine render etter
reka. Men veggene vaska dei
– Men trakka eine og strødde
på golvet, som sume gjer enno
til høgtids. – Halmen høyrde
kanskje til den tid dei hadde jordgolv
Omkvedet i springar-slått her
lyder soleis:

„Strö alm – strö alm
på lavebrü!
– Her kjem'e tre redige
menner."

4386
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING